



Arkivnr: 2015/1799-2

Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		12.05.2015
Fylkesutvalet		19.05.2015
Fylkestinget		09.06.2015

Innbyggjarinitiativ - Sikker skuleveg, utbetring av Tunesvegen i Arna**Samandrag**

Hordaland fylkeskommune fekk oversendt sak frå innbyggjarane, via Bergen kommune, den 11. februar 2015. Saka gjeld utbetring av Tunesvegen i Arna, med vekt på strekninga frå Teiganeset til Garnes vidaregåande skule. Strekninga er ein del av fylkesveg 276. Innbyggjarinitiativet er særleg oppteken av at vegen vert nytta til skuleveg, og at den er omkjøringsveg når Arnanipatunnelen (E16) er stengt.

Frå eit innbyggjarinitiativ er motteken gjev Kommuneloven § 39 a fylkeskommunen 6 månader på å handsame den.

I *Tiltaksplanen for trafikksikkerhetstiltak 2014-2017 (Bergensprogrammet)* er fv 276 nemnd under tiltak som kan vere aktuelle. Ei aktuelt tilnærming kan vere å utføre ei områdeanalyse for trafikksikring i skulekrinsen, men dette er ikkje oppført i gjeldane plan- og byggjeprogram. Vidare kan det kan vere rom for å utføre einskilde mindre tiltak langs Garnesvegen i slutten av denne planperioden, då over midlane som er sett av til tiltak etter *Trafikksikkerhetsplanen til Bergen kommune*.

Spørsmål om Garnesvegen Fv 276 har og vore teke opp i samferdselsutvalet, jf referatsak RS 77/2014. Der vart det vist til Statens vegvesen sitt forprosjektet for nytt gang- og sykkelanlegg langs fv 276 på strekninga mellom kryss Indre Arnavegen/Garnesvegen og fram til kryss mellom Teigneset/Tunesvegen. Dette forprosjektet er no avslutta, og Statens vegvesen planlegg formell oppstart av reguleringsplan for den inste delen i månadsskiftet april/mai 2015. Dette gjeld strekninga krysset Indre Arnavegen/Garnesvegen til Garnes vidaregåande skule (Garnesvegen/Tunesvegen).

For skuleåret 2014/2015 er det om lag 30 elevar som har godkjent rett til skuleskyss til Garnes skule med bakgrunn i kommunalt vedtak om «særleg farleg skuleveg». Ettersom avstanden er mindre enn 4 km er det Bergen kommune som er ansvarleg for denne skuleskyssen.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til at planarbeidet for utbetringa av denne strekninga er starta opp. Innbyggjarinitiativet vert dekka av denne planen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.04.2015

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune fekk oversendt sak frå innbyggjarane, via Bergen kommune, den 11. februar 2015. Saka gjeld utbetring av Tunesvegen i Arna, med vekt på strekninga frå Teiganeset til Garnes vidaregåande skule. Strekninga er ein del av fylkesveg 276. Innbyggjarinitiativet er særleg oppteken av at vegen vert nytta til skuleveg, og at den er omkjøringsveg når Arnanipatunnelen (E16) er stengt.

Innbyggjarinitiativet har følgjande innhald:

Utbedring av Tunesvegen, da særlig fra Teiganeset og inn til Garnes videregående skole. Området har vært under ekstrem utskifting de siste år og det er bosatt seg mange barnefamilier som har eller snart får skolebarn. Skoleveien går langs fylkesveg 276, som er smal, uoversiktig, dårlig belyst og har flere stygge utkjørsler, da særlig nedkjørselen til Garnesfjæra. Det er ikke noe form for fortau langs veien, før man kommer rett ved Garnes VGS. Som småbarnsfar er jeg skremt over tanken å slippe mine barn ut på sykkel langs veien. Veien har ikke vært utbedret siden 60 tallet. Når Arnanipatunnelen er stengt er dette faktisk hovedveien mellom de to største byene i Norge. 1413Viser også til Facebook gruppen "sikker skolevei nå!" Som nådde ca 100 medlemmer innen et døgn etter den ble opprettet. Saken har også vært omtalt i lokalavisen Bygdnytt.

Lovheimel

Frå eit innbyggjarinitiativ er motteken gjev Kommuneloven § 39 a fylkeskommunen 6 månader på å handsame den.

Kommuneloven § 39 a. Innbyggerforslag

1. Innbyggerne i kommunen eller fylket kan fremme forslag som gjelder kommunens eller fylkeskommunens virksomhet. Kommunestyret eller fylkestinget plikter selv å ta stilling til forslaget dersom minst 2 prosent av innbyggerne står bak forslaget. Likevel er 300 underskrifter i kommunen eller 500 i fylket alltid tilstrekkelig. Kommunestyret eller fylkestinget tar selv stilling til om forslaget gjelder kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.

2. Kommunestyret eller fylkestinget skal ta stilling til forslaget senest 6 måneder etter at det er fremmet. Tidsfristen gjelder ikke dersom forslaget henvises til behandling i forbindelse med pågående plansak etter plan- og bygningsloven. Forslagsstillerne skal informeres om de avgjørelser som treffes, og de tiltak som gjennomføres som følge av forslaget.

Meir om vegstrekninga – ynskje om trafikksikringstiltak

I *Tiltaksplanen for trafikksikkerhetstiltak 2014-2017 (Bergensprogrammet)* er fv 276 nemnd under tiltak som kan vere aktuelle. Ei aktuelt tilnærming kan vere å utføre ei områdeanalyse for trafikksikring i skulekrinsen. Slike områdeanalyser omfattar vurdering av fartsgrenser, gangfelt, kryssløysingar, sikt, avkjørslar osb. Fysisk utføring av tiltak som kjem fram i slike områdeanalyser vert vanlegvis utført det komande året, men avheng noko av omfanget. Ettersom Statens vegvesen sitt forprosjektet for gang- og sykkelanlegg vil kartlegge mange av dei ovannemnde punkta så vart ikkje fv 276 ført opp på byggjeprogrammet. Det vert difor venta med å gjennomføre ei slik type områdeanalyse til løysingar er avklart gjennom reguleringsplanen for gang- og sykkeltilbodet på fv 276.

Sjølv om fv 276 ikkje er oppført med ei områdeanalyse i plan- og byggjeprogrammet, så kan det vere rom for å utføre einskilde mindre tiltak langs Garnesvegen i slutten av denne planperioden, då over midlane som er sett av til tiltak etter *Trafikksikkerhetsplanen til Bergen kommune*. Dette må då skje etter ei vurdering der aktuelle tiltak er prioritert opp mot andre trafikksikringstiltak på fylkesvegnettet i påfølgjande år.

Vidare er det for skuleåret 2014/2015 om lag 30 elevar som har godkjent rett til skuleskyss til Garnes skule med bakgrunn i kommunalt vedtak om «særleg farleg skuleveg». Ettersom avstanden er mindre enn 4 km er det Bergen kommune som er ansvarleg for denne skuleskyssen.

Om Statens vegvesen sitt forprosjekt for nytt gang- og sykkelanlegg langs fv 276

Statens vegvesen har gjennomført eit forprosjekt for nytt gang- og sykkelanlegg langs fv 276 på strekninga mellom kryss Indre Arnavegen/Garnesvegen og fram til kryss mellom Teigneset /Tunesvegen. Prosjektet har og med seg vurderingar knytt til funksjonen den har som omkjøringsveg for E16 Arnanipatunnelen. Garnesvegen og Tunesvegen er ein del av riksvegtilbodet for sykkel langs E16, mellom Arna og Trengereid, og når tiltaket skal finansierast kan det vere aktuelt at heile eller delar av tiltaket vert finansiert via riksvegmidlar i Nasjonal transportplan. Det er derimot på det noverande tidspunkt ikkje avklart.

I forprosjektet er det sett på høve for å utvide og etablere tilbod for gåande og syklande langs eksisterande veg, men det er også vurdert om tilbodet for mjuke trafikantar kan bruke ein alternativ trasé på austsida eller vestsida av eksisterande veg. Det er ikkje teke stilling til kva for sykkelloysing som skal etablerast på strekninga, og både sykkelfelt og sykkelveg med fortau er med i vurderinga. I tillegg til sykkeltilbod skal det planleggast eit trafikksikkert tilbod for gåande, og gode forhold for kollektivtrafikken som går på strekninga.

Statens vegvesen planlegg formell oppstart av reguleringsplan for den inste delen i månadsskiftet april/mai 2015. Dette gjeld strekninga krysset Indre Arnavegen/Garnesvegen til Garnes vidaregåande skule (Garnesvegen/Tunesvegen). Dernest er det Bergen kommune som er ansvarleg for vidare handsaming og vedtak. Den inste delstrekninga gjeld frå krysset Indre Arnavegen/Garnesvegen til Garnes vidaregåande skule (Garnesvegen/Tunesvegen). Strekninga vidare mot Teiganeset vil truleg verte regulert i ei seinare fase. Det er vanskelig å tidfeste eksakt framdrift for reguleringsplanarbeidet. Normal planprosess vil vere to år, men på grunn av kompleksiteten må ein vente seg ein noko lengre planprosess. Dette avheng sjølv sagt av dei løysningane som vert valt for strekninga, og problemstillingane ein møter på i reguleringsplanfasen.

Kostnadsråma for eit slikt tiltak avheng av valt løysning og standard. På grunn av arealknapphet, mange bygg/bustader tett på vegen og mange avkjørsler som må sanerast som del av anlegget, vil kostnadane truleg verte relativt høge. Dette er hovudgrunnen til at Statens vegvesen har valt å dele opp strekninga i to delar, og i første omgang utarbeide reguleringsplan for den inste delen. Tiltaket er per i dag ikkje prioritert som eit byggeprosjekt verken i Bergensprogrammet eller Nasjonal transportplan (NTP).

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen er kjent med dei trafikale utfordringane på vegstrekninga frå Teiganeset til Garnes vidaregåande skule, og at det over tid har vore eit stort fokus på trafikktryggleiken for skuleborna som ferdast langs vegen. Fylkesrådmannen har forståing for at innbyggjarane i område og andre som ferdast langs vegen er uroa over situasjonen. Ikke minst gjeld dette når vegen vert nytta som omkjøringsveg for Arnanipatunnelen.

Etter det fylkesrådmannen har fått opplyst er det for nokre av elevane ved Garnes skule er sett i verk tiltak gjennom kommunalt vedtak om skuleskyss på grunn av særleg farleg skuleveg.

Det er klårt at ei utbetring av denne vegstrekninga til god vegstandard vil vere eit krevjande arbeid, både med omsyn til planarbeidet og den økonomiske kostnadsråma. Dette heng særleg saman med vegstrekninga si utforming og tilhøyrande sidevegar/avkjørsler. Ettersom tiltaket ikkje er prioritert som byggeprosjekt verken i Bergensprogrammet eller Nasjonal Transportplan (NTP) så vil denne vegstrekninga framleis måtte vere blanda trafikk.

Fylkesrådmannen rår til at ein held fast på den prioriteringslista ein har for gjennomføring av trafikksikringstiltak på fylkesvegnettet i Bergen, og dei opphavlege planane som er lagt i denne planperioden. Det inneber at det for vegstrekninga Teiganeset til Garnes vidaregåande skule berre kan vere rom for å utføre mindre tiltak i denne planperioden. Eksempel på slike tiltak er vurdering av fartsgrense, og samt vurdere tiltak som kan sikre eit lågt fartsnivå som vil bidra til redusert risiko for alvorlege trafikkulukker.